

Kjempeflott resultat etter Aktivitetsdagen!

15.06.2012



Anita's boble

Lappekakene til Siv Kristin Kyrkjeide forsvann raskt på årets Aktivitetsdag.

Damevennene har no talt opp alle pengane dei fekk inn på Aktivetsdagen forrige laurdag, og at pengane har sete laust hos folk kan det ikkje vera tvil om.

Heile kr. 70.200,- vart omsetnaden på dei forskjellige aktivitetane til Damevennene! Kor mykje vi sit att med etter at alle utgiftene er trekt i frå har vi ikkje heilt oversikt over enda, men det er heilt klart at vi kan overrekka ein kjempeflott sum til Aktivitetshallen etter årets Aktivetsdag.

Og ikkje nok med det - Bondelaget hadde ein omsetnad på kr. 17.000,- og sit igjen med eit overskudd på kr. 14.000,-. Desse pengane går òg gå til Aktivitetshallen.

I tillegg hadde idrettslaget ein omsetnad på kr. 37.000,- på årets andaløp. Dei fekk eit overskudd på kr. 21.000,- som dei kan leggja i klubbkassa si.

Med andre ord, det kan ikkje vera tvil om at årets Aktivetsdag var ein suksess!

Vi vil takka alle dei frivillige som hjalp oss med arrangementet, sponsorane og ikkje minst publikum som atter eingong møtte opp i hopetal!

Med venleg helsing Damevennene